

# Referat frå styremøte i Skåbu Bygdautvalg

## 05.05.2015

Tilstade: Lars, Johnny, Steinar, Heidi, Hilde og Ida Aasne

### **14/15: Reguleringsplan Fv. 255**

Reguleringsendringa for Fv. 255, Høgberget er vedteke.

Endringa medfører at vegen blir lagt i tunnel i den mest rasutsette delen av strekninga, tunellen blir lyssett, og får eigen gang/sykkelveg. Planlagt igangsetjing er hausten 2015.

### **15/15: Igangsetjing forvaltningsplan Langsua nasjonalpark.**

### **16/15: Vegforbindelse mellom Skåbu og Heidal gjennom Murudalen/Mugmoen.**

Skåbu Bygdautvalg stiller seg positive til at Sel kommune i sin arealplan for 2015-2020 har lagt inn vegforbindelse mellom Skåbu og Murudalen. Denne traseen vil vera viktig i VINK-prosjektet, ELGLAND og det reiselivsproduktet fylkeskommunen har initiert. Forbindelsen kople saman bedriftsnettverket, og vil skape synergjar for lokalsamfunna Skåbu og Murudalen. Vegen vil også kunne vera ein avlastingsveg for E6 ved flom og liknande situasjonar.

### **17/15: Bygdarensk**

- Dato for bygdarensk: 13 mai.

- Ferdigstilling av infoark som sendas ut i løpet av veka.

### **18/15: Felås**

Lars tek ansvar for å sjekke at felåsane er klare for ein ny sesong, og sett ein dato til å montere dei på plass.

### **19/16: Minnelund.**

Ida Aasne tek ansvar for flagg og lauv på minnelund over Torger Iverstuen til 17 mai.

Neste styremøte 02.06.15